



**Direktoratet for mineralforvaltning**  
med Bergmeisteren for Svalbard

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Dato: 24.07.2019  
Vår ref: 19/02728-2  
Deres ref: 19/1176 - 19/13274

## Uttale til høring og offentlig ettersyn av planprogram og silingsrapport for kommunedelplan for Sambandet Vest i Meland kommune

Leiv Erikssons vei 39  
Postboks 3021 Lade  
N-7441 Trondheim

**TELEFON** + 47 73 90 46 00  
**E-POST** [post@dirmin.no](mailto:post@dirmin.no)  
**WEB** [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no)

**GIRO** 7694.05.05883  
**SWIFT** DNBANOKK  
**IBAN** NO5376940505883  
**ORG.NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**  
**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 17. juni 2019.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressurser, og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i plansakar.

### Om plana

Føremålet med planarbeidet er å velje trase for nytt vegsamband frå Askøy, via Meldand til Randøy. Prosjektet er eit fylkesvegprosjekt initert av kommunane.

Kommunane Askøy, Meland, Radøy og Lindås er planmynde. Frå 2020 vert Meland, Randøy og Lindås slått saman til nye Alver kommune.

Planprogrammet skal klargjere føremålet med planarbeidet, og avklare rammer og premisser for arbeidet. Det skal gje oversikt over kva alternativ som skal utgreiast, tema og problemstillingar som er knytt til planarbeidet, og kva utgreiingar som må utførast for å klargjere vesentlege verknader av ny fylkesveg. Planprogrammet skal også presentere opplegg for informasjon og medverknad frå innbyggjarar og interessantar.

### Uttale til saka

Ut i frå kartdatabasen til Noreg geologiske undersøking (NGU) er det registrert fleire mineralske ressurser innanfor analyseområdet for kommunedelplan sambandet vest.

Ved Setrevika i Askøy kommune er der registrert ein nasjonal viktig pukkførekomst av Mylonitt. Det har vore eit masseuttak i området, men det kan sjå ut som store deler av ressursen er tatt ut<sup>1</sup>. Tre av veg alternativa i (Aa3 og Aa4) går frå Abbedisso som ligg i nærleiken av denne ressursen. Om kommunen vel eit av disse alternativa bør det

---

<sup>1</sup> Askøy kommune:

[http://aps.ngu.no/pls/oradb/grus\\_GP\\_Oppslag.Alle\\_fkom\\_komm?p\\_kommunenr=1247](http://aps.ngu.no/pls/oradb/grus_GP_Oppslag.Alle_fkom_komm?p_kommunenr=1247)



gjerast ein vurdering om eventuell attståande ressurs ved Setrevika blir påverka av tiltaket.

Alternativ Ca1 går ved Hjertås pukkverk (i pukkdatabasen registrert som Laksevika pukkverk) der det er registrert ein lokal viktig pukkressurs av gneis<sup>2</sup>. En eventuell trase her må ikkje komme i konflikt med drifta på Hjertås. Dette bør også komme fram i det vidare planarbeidet.

Mineralske ressursar er ein ikkje-fornybar ressurs som berre kan utnyttast der den naturleig førekjem. Det er derfor viktig at ressursen utnyttast på best muleg måte og ikkje blir bandlagt for framtida.

DMF har på noverande tidspunkt ingen ytterligare merknader til høyring og offentleg ettersyn av planprogram og silingsrapport for kommunedelplan for Sambandet Vest i Meland kommune.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no).

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad  
seksjonsleder

Kristine Bye  
rådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Kristine Bye

Mottakarar:  
Meland kommune                      Postboks 79                      5906 FREKHAUG

Kopi til:

---

<sup>2</sup> Meland kommune:  
[http://aps.ngu.no/pls/oradb/grus\\_GP\\_Oppslag.Alle\\_fkom\\_komm?p\\_kommunenr=1256](http://aps.ngu.no/pls/oradb/grus_GP_Oppslag.Alle_fkom_komm?p_kommunenr=1256)